



Pressemelding 1. desember 2021

## **2500 ledige vaksinetimar før jul**

**Alver kommune har utvida kapasiteten og er klar for å vaksinere alle over 65 år før jul. I tillegg har kommunen timar til dei som ikkje har tatt vaksinen enno.**

Tysdag 30. november kom regjeringa med eit nytt oppdrag til kommunane.

Regjeringa opnar opp for at fleire skal få tilbod om ein oppfriskingsdose, og har særleg lagt vekt på at flest mogleg av dei over 65 år bør få stikket sitt før jul.

– Vi var allereie i gang med å utvide kapasiteten då denne meldinga kom i går, og er glad for at regjeringa no set fart på vaksinasjonsarbeidet. Vi er klare – når innbyggjarane våre er klare, seier kommuneoverlege i Alver, Terese Folgerø.

### **Sjekk når det er din tur**

For innbyggjarar over 65 år, skal det gå fem månader frå andre dose til oppfriskingsdosen. For innbyggjarar frå 45-64 år er ventetida seks månader.

– Dette betyr at dei fleste over 65 år kan få dosen sin før jul, medan dei fleste i aldersgruppa 45-64 må vente til over nyttår. Vi ber alle sjekke når dei tidlegast kan få oppfriskingsdosen sin og bestille time så snart som mogleg, seier kommuneoverlegen.

Det er både mogleg å bestille time på nett og på telefon til koronasenteret.

– Vi har for tida 2.500 ledige timar før jul, og kan setje opp fleire timar om det blir behov for det, seier Folgerø.

### **God oppslutning**

Oversikta over kva dagar og tidspunkt som er ledige ligg i helseboka, som er det digitale bestillingssystemet til kommunen.

– Vi har ledige timar både på dagtid og ettermiddagstid fleire dagar i veka – til og med 21. desember, fortel Folgerø.

Ho rosar dei tilsette og innbyggjarane i kommunen.

– Vi har eit godt system for vaksinasjon i Alver, og innbyggjarane våre er flinke til å bestille time og møte opp, seier kommuneoverlegen.